

Inntaksreglement

for

Tresfjord EnSpire Skule SA

Innholdsliste:

<u>INNTAKSREGLAR FOR TRESFJORD ENSPIRE SKULE SA</u>	2
<u>§ 1. OPPTAKSREGLEMENT</u>	2
<u>§ 2. ELEVINNTAK</u>	2

<u>§ 3. KUNNGJERINGAR</u>	3
<u>§ 4. GJENNOMGANG AV SØKNADENE AV INNTAKSKOMITÉ</u>	3
<u>§ 5. MELDING OM OPPTAK – FRISTAR.</u>	3
<u>§ 6. PRIORITERT VENTELISTE</u>	4
<u>§ 7. KLAGE PÅ AVSLAG</u>	4
<u>§ 8. ENDRING AV INNTAKSREGLANE.</u>	4

Inntaksregler for Tresfjord EnSpire Skule SA

§ 1. Opptaksreglement

Opptak av elevar til Tresfjord EnSpire Skule SA skal vera i samsvar med privatskulelova, forvaltningslova og dei reglane for opptak som styret har vedtatt.

§ 2. Elevinntak

I tråd med privatskulelova§3-1 vil Tresfjord EnSpire skule vera open for alle grunnskuleelevar i barneskulen så langt plassen og godkjenninga tillèt det.

Dagleg leiar og styret for privatskulen avgjer kor mange elevar som kan takast inn for skuleåret ut frå kapasiteten ved skulen, dette blir gjort innanfor ramma som skulen har godkjenning for med tanke på antal elevar.

Ved hovudopptak vert born i skulepliktig alder prioritert. Det kan unntaksvis søkast for born som fyller 5 år innan 1. april det året ein ynskjer start ved skulen. Foreldra må då grunngi søknaden, og ein må leggja ved ei sakkunnig vurdering frå PPT som underbygger søknaden.

Betaling av innmeldingsavgifta bekreftar motteken elevplass. Storleiken på beløpet blir vedteken av styret.

Dersom det er fleire søkarar enn det skulen er godkjend for, skal ein følgje inntaket etter følgjene prioritering:

1. Born som bur på strekninga Daugstad-Tresfjord-Skorgen.
2. Born med søsken ved skulen.
3. Born av tilsette og av styremedlemmar.
4. Born frå andre skulekrinsar i Vestnes.
5. Dersom fleire born stiller likt etter ovenståande, skal rekkefølga avgjerast ved loddtrekning. Unntaksvis kan andre forhold som til dømes samansetning av elevgruppa i forhold til alder og kjønn gå føre loddtrekning.

Søknad om opptak til skulen skjer på fastlagt skjema som er utarbeidd av skulen. På søknadsskjemaet står òg vilkåra for behandlinga av søknaden.

Elevar som allereie har plass ved skulen treng ikkje søka om opptak kvart år, men må bekrefte at noverande skuleplass blir halde oppe.

Oppseiing av elevplass må skje skriftleg med signatur frå føresette.

§ 3. Kunngjeringar

Innan 1. februar kvart år skal informasjon om inntak for kommande skuleår offentleggjerast i pressa.

Kunngjeringa skal gi nødvendige opplysningar om søknadsfrist, kva klassetrinn det kan søkast for og ei kort skildring av dei kriteria som er omtalte i § 2 i Inntaksreglementet.

Søknadsfristen skal kvart år vera 1. mars, eller, dersom datoen fell på ein heilagdag, den første kvardagen etter 1.mars.

§ 4. Gjennomgang av søknadene av inntakskomitè

Etter utløpet av søknadsfristen skal skulens inntakskomitè gjennomgå dei mottatte søknadane, og dessutan gjera naudsynte undersøkingar og avklaringar omtalt i § 2. Deretter legg inntakskomitèen fram ei skriftleg tilråding om inntaket til styret. I tillegg skal det leggst fram forslag til prioritert venteliste i samhøve med § 6 i inntaksreglementet.

Inntakskomitèen skal bestå av til saman 3 medlemmar, kor leiaren for styret og skulerektoren skal vera faste medlemmer. Det tredje medlemmet skal veljast av og blant medlemmane i styret. Styret tar endeleg avgjerd om inntaket.

§ 5. Melding om opptak – fristar.

Inntakskomitèen skal utarbeida ei skriftleg tilråding om elevinntak. Rektor melder frå om inntaket på bakgrunn av avgjerda i styret. Melding om inntak eller plass på prioritert venteliste skal finna stad innan 6 veker etter utlaup av søknadsfristen, jfr. § 3. Dei føresette

har tre vekers frist til å gi tilbakemelding om dei tar plassen. Søkarar som ikkje får plass ved skulen skal få beskjed om dette så snart dette er formålstenleg.

Styreleiar melder frå til heimkommunen til dei elevane som har takka ja til plass ved Tresfjord Ein Spire Skule innan 1 veke etter endeleg avslutta opptak.

§ 6. Prioritert venteliste

Som eit ledd i arbeidet med elevinntaket ved skulen i h.h.t. § 5, skal det òg setjast opp ei prioritert venteliste. Denne lista skal nyttast dersom det er fleir søkarar enn elevplassar, og det etter avslutta opptak er ein eller fleire av elevane som likevel ikkje nyttar plassen ved skulen.

Dersom det i løpet av skuleåret blir ledig plass ved skulen, skal den prioriterte ventelista nyttast. I særlege tilfelle kan denne fråvikast ved føregåande behandling av inntakskomiteen. Døme på slikt særleg tilfelle kan vera at det er komme nye tilflyttarar til skulekretsen.

§7. Klage på avslag

Skulens vedtak om inntak kan klagast på, jfr. §7 pkt. 3 i Privatskolelova. Klaga blir sendt til styret som kan omgjera vedtaket sitt. Dersom vedtaket vert oppretthalde skal klaga sendast vidare til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.

Vedtak om inntak til privatskulen er eit enkeltvedtak og kan etter forvaltningslova påklagast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal. Endeleg klageinstans er Utdanningsdirektoratet.

§8. Endring av inntaksreglane.

Endring av inntaksreglane kan gjerast av skulens styre i tråd med privatskulelova, forvaltningslova og skulen sine egne vedtekter.